

## Ein styrke å jobbe som parkommunar

**Å arbeide i lag som parkommunar kan vere ein styrke av fleire grunnar. Time og Klepp nøler ikkje med å anbefale andre kommunar å samarbeide om universell utforming.**

Det kan vere til dels stor utskiftning i enkelte stillingar i kommune-Noreg. Sidan Time og Klepp har vore to i lag, har dei vore mindre sårbar for dette. Dei har kunna sikra kontinuiteten i arbeidsgruppa. Samstundes har det vore ein sunn konkurranse mellom kommunane; "alle vil vere best".

### Grupper med stort engasjement

I dei to parkommunane har pilotprosjektet vore organisert på ein særskilt måte, mellom anna med ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Engasjementet og interessa til deltakarane i desse gruppene har vore med og løfta prosjektet. Det meiner prosjektleiar Anne Reidun Garpestad, som seier ho har fått solid og viktig støtte frå desse gruppene.

Pilotprosjektet har hatt ei styringsgruppe med seks personar; ein politiskar, ein representant frå administrasjonen og ein frå handels- og næringsforeninga i kvar av kommunane. Leiar og nestleiar har vore politiskarar, og gruppa har hatt om lag fire møte årleg.

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe sett saman av 12 personar frå byggesak, plan, kommunalteknikk, nybygg, helse, råd for funksjonshemma/senior-brukarråd i dei to kommunane. Gruppa har hatt møte ein gong i månaden.

### I overordna planlegging

Prosjektleiar i 40 prosent stilling har leia prosjektet. Leiaren har vore organisert høgt oppe i den kommunale organisasjonen, saman med tilsette som driv med overordna planlegging. Dette har vore viktig i arbeidet med å få inn universell utforming som strategi i planar i begge kommunane. Når to nabokommunar stiller dei same krava til utbyggjarar og entreprenørar, får det større virkning. Det er dei same aktørane i begge kommunane.

- I juni 2007 hadde vi ei felles politisk sak om universell utforming i begge kommunestyra, fortel prosjektleiar Anne Reidun Garpestad. - I vedtaka står det at kommunane skal vere inkluderande lokalsamfunn som legg forholda best mogleg til rette for aktivitet og deltaking for alle. Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for kommunen sitt planarbeid.

Politiskarane har godkjent tre rettleiarar: Ein for publikumsbygg, ein for uteareal og ein for friområde. Desse blir lagt til grunn for utarbeiding av utbyggingsavtalar, reguleringsplanar og behandling av byggesaker.

### Opptekne av gode bustadar

Det er også vedteke eit mål om at minst 50 prosent av alle nye bustadar eller bueiningar skal ha livsløpsstandard. I tillegg er det ei målsetting at minst 20 prosent av dei resterande bustadene/bueiningane skal tilfredsstillast krava til besøksstandard. Politiskarane i Time og Klepp har vore svært opptekne av å få gode

bustadar som kan brukast av alle, og at det skal vere enkelt for alle å kome på besøk.

Kommunane er svært godt nøgde med at den nye planlova opnar for at kommunane skal kunne nytte reguleringsplanen som bustadpolitisk styringsverktøy.

- Det engasjementet og den støtta som det politisk miljøet har gitt oss har vore svært viktig for korleis prosjektet har utvikla seg, seier Anne Reidun Garpestad.

### Eit godt samarbeidsklima

Time og Klepp har også jobba saman om å byggje ei felles kyrkje på Frøyland/Orstad. Den saka er eit eksempel på korleis godt samarbeid skal vere, både under prosjektering og bygging, meiner Garpestad. - Kykjelyden har gjort eit imponerende arbeid i forhold til universell utforming og har vist stor interesse for korleis ein skal imøtekomme dei krava som er knytte opp mot uu.

- Dessutan må samarbeidet med råd for funksjonshemma/senior- og brukarråd nemnast. Det har vore viktig i heile prosjektet. I tillegg til å vere med i arbeidsgruppa har alltid brukarane vore med på befaringar, og dei har hatt innlegg på kurs og konferansar vi har arrangert. Dei har også vore med på pilotkommunesamlingar. Dette har gitt oss mange nyttige og gode diskusjonar, seier prosjektleiaren for dei to parkommunane i Rogaland.



Samarbeid mellom nabokommunar er triveleg, og det gir resultat.



Foto: Anne Reidun Garpestad